

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 10.03.2017
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2017 for Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2017/948
STYRESAK: **020/2017**

STYREMØTE: **24.03.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Styringsdokument 2017 for Helse Førde HF» til etterretning.

Oppsummering

Styringsdokument 2017 omhandlar desse områda:

- Ny verksemdstrategi – Helse 2035
- Hovudområde for styring og oppfølging i 2017
- Helsefaglege styringsmål
- Krav og rammer 2017
- Ressursgrunnlaget
- Økonomiske krav og rammevilkår
- Rapportering

Fakta

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande overordna mål:

- 1) Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
- 2) Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- 3) Betre kvalitet og pasienttryggleik

Styringsdokument 2017 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 8. mars 2017. Styringsdokumentet vert deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 24. mars 2017.

Utdrag frå styringsdokument 2017

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2017. Styringsdokumentet skal klargjere premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til helseføretaka.

HELSEFAGLEGE STYRINGSMÅL:

Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga

Hovudoppgåvene i spesialisthelsetenesta skal løysast ved dei offentlege sjukehusa. Betre samarbeid mellom private og offentlege helsetenester inneber betre utnytting av ledig kapasitet, større valfridom og nye arbeids- og samarbeidsformer.

- *Pasientane skal sleppe unødvendig ventetid. Fritt behandlingsval og pasient- og brukarrettslova legg til rette for dette.*
- *Pasientforløpa skal vere gode og effektive.*
- *Det er innført 28 pakkeforløp for kreftpasientar, og pakkeforløp for hjerneslag blir innført i 2017.*
- *Helsedirektoratet utviklar pakkeforløp innan psykisk helse og rus.*

Mål 2017:

Gjennomsnittleg ventetid til start av helsehjelp skal reduserast i alle helseføretak i forhold til 2016. Krav til ventetider for behandla pasientar skal i 2017 vere:

- BUP: under 35 dagar
- TSB: under 35 dagar
- VOP: under 40 dagar
- Somatikk: under 60 dagar

Kravet gjeld gjennomsnittstal for kvar kalendermånad.

Det skal ikkje vere fristbrot. Prosentdelen nye kreftpasientar som inngår i eit pakkeforløp, skal vere på minst 70 prosent. Prosentdelen pakkeforløp for kreftpasientar som er gjennomført innan den definerte standard forløpstida uavhengig av type pakkeforløp, skal vere minst 70 prosent. Det regionale prosjektet vil bli vidareført i 2017.

Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Tilgangen til tenestene innan psykisk helsevern for barn og unge, vaksne og innan tverrfagleg spesialisert behandling (TSB) skal betrast, og tenestene skal i størst mogleg grad bli tilbydde lokalt. Føremålet skal vere at pasientane oppnår best mogleg meistring av eige liv. Der det er nødvendig, skal spesialisthelsetenesta samarbeide med kommunale tenester for at pasientane skal få tilrettelagt heilskaplege og samanhengande tenester. Pasientane skal oppleve eit psykisk helsevern med vekt på frivilligheit og mindre bruk av tvang.

Mål 2017:

Det skal vere høgare vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk på føretaksnivå. Distriktpsikiatriske senter og psykisk helsevern for barn og unge skal prioriterast innan psykisk helsevern. *Veksten skal målast i gjennomsnittleg ventetid, kostnader (kostnader til avskrivingar, legemiddel og pensjon skal synleggjerast, men haldast utanfor), årsverk (helseføretak og "private institusjonar med oppdragsdokument") og aktivitet (polikliniske konsultasjonar).*

- I samarbeid med kommunane skal talet på tvangsinnleggingar innan psykisk helsevern for vaksne per 1000 innbyggjarar reduserast i forhold til 2016.
- Redusere talet på pasientar i døgnbehandling i psykisk helsevern som har minst eitt tvangsmiddelvedtak, per 1000 innbyggjarar. Tal skal registrerast som grunnlag for å måle endring.
- Sikre færrest mogleg avbrot i døgnbehandling med tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Tal skal registrerast som grunnlag for å måle endring.

Betre kvalitet og pasienttryggleik

Helsetenesta skal vidareutviklast slik at pasientar og brukarar i større grad får, og opplever å få, trygg og god helsehjelp. Kvalitetsmålingar, pasienttryggleiksmålingar og pasienterfaringar må offentleggjerast og brukast aktivt i utforminga av tenestetilbodet og i systematisk

forbetringsarbeid. Ineffektive metodar skal fasast ut. Helse, miljø og sikkerheit (HMS) er ein integrert del av arbeidet med kvalitet og pasienttryggleik.

Mål 2017:

- Prosentdelen sjukehusinfeksjonar skal vere lågare enn i 2016.
- Minst 20 prosent av pasientane med hjerneinfarkt skal få trombolysebehandling innan 40 minutt etter at dei er innlagde.
- Det skal ikkje vere nokon korridorpatientar.
- Prosentdelen dialysepatientar som får heimedialyse, skal vere på minst 30 prosent.
- Det samla forbruket av breispektra antibiotika ved norske sjukehus skal vere redusert med 30 prosent i 2020 samanlikna med 2012.
- Bidra til å etablere ei felles rapporteringsløyising for bruk av breispektra antibiotika i styringsportalen til Helse Vest.

KRAV OG RAMMER 2017:

Organisatoriske krav og rammer for 2017 omfattar:

- ✓ Openheit og dialog i helseføretaka
- ✓ Utvikling av heiltidskultur
- ✓ Bevisstheit om omfanget av vald og truslar mot helsepersonell
- ✓ Alle møter
- ✓ Lønnsforhandlingar
- ✓ Samordning av framskrivingar
- ✓ Nasjonal bemanningsmodell
- ✓ Informasjonsteknologi og digitale tenester (e-helse)
- ✓ Beredskap og sikkerheit
- ✓ Brukarmedverknad

ØKONOMISKE KRAV OG RAMMEVILKÅR:

Helse Førde skal i 2017 oppnå eit positivt resultat på 15 millionar kroner. Det vert frå 1. januar 2017 innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift i helseføretaka. Det er gitt føringar om at Sjukehusbygg HF skal nyttast for større investeringsprosjekt.

RAPPORTERING:

Det er eit mål å ha gode og gjennomgåande system for å kunne følgje opp utviklinga i tenestene. Rapporteringa omhandlar system for:

- ✓ Metodikk og struktur for styrerapportering
- ✓ Månadleg rapportering, tertialrapportering og halvårleg rapportering
- ✓ Rapportering til SSB og NPR
- ✓ Årleg melding
- ✓ Årsrekneskap
- ✓ Rapport om bruk av midlar og aktivitet

Kommentarar

Helse Førde leverer godt på mange felt, særskilt overordna kvalitetsindikatorar som ventetider, fristbrot, korridorpatientar, strykingar av operasjonar med vidare. Eit viktig tema framover blir likevel uønskt variasjon; både å nytte gode nok data og evne å endre kursen der det trengst.

Ei anna viktig utfordring er å etterleve den gylne regel. Psykisk helsevern i Sogn og Fjordane får jamt over gode tilbakemeldingar og har gjennomgåande korte ventetider. Samtidig synest presset mot kostnads- og aktivitetsvekst i somatikken som høgt. Det fordrar at det må arbeidast for ei forståing for den gylne regel internt i organisasjonen, men også at vi hugsar på alle delar av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Nye pakkeforløp blir innførte og dei som er innførte skal fungere etter intensjonen. Begge deler set store krav til organisasjonen. Nasjonale kvalitetsindikatorar vil avdekke om Helse Førde innfrir på dette området. Det set også krav til stadig fleire registreringar av data.

Innan nokon fagfelt har Helse Førde utfordringar med rekruttering. Utdanning blir eit særskilt viktig område i åra som kjem. Ikkje minst å få den nye spesialistutdanninga for legar til å fungere. Det kan bli krevjande, og det er særskilt viktig at føretaket får til eit godt samarbeid med Helse Bergen.

Sunn og levekraftig økonomisk styring er eit grunnleggande middel for å nå måla i styringsdokumentet. Helse Førde skal oppnå eit overskot på 15 millionar kroner i 2017. Etter to månader går føretaket med underskot, og kursen må endrast utover året. I så måte er det viktig å hente gevinstar av dei mange investeringane. I første omgang frå dei tunge IKT-investeringane og i åra framover frå dei tunge investeringane i bygg.

Utviklinga på dei ulike parameterane blir følgt nøye utover året, mellom anna på jamlege rapporteringar etter fastsette malar.

Konklusjon

Styringsdokumentet for 2017 gir klare og detaljerte føringar for kva Helse Førde skal fokusere på dette året. På mange felt har føretaket gode føresetnader for å levere. Ein føresetnad for å levere på andre felt er god implementering og oppfølging ute i organisasjonen.

Vedlegg:

Styringsdokument 2017 for Helse Førde HF